



*Alle har rettar og pliktar, men
ikkje alle er til ein kvar tid i stand
til å ivareta sine egne interesser*

(frå verjemålsutvalet si utgreiing)

Den 1. juli 2013 tek den nye verjemålslova til å gjelde. Dette får verknad for over 4.500 privatpersonar i Hordaland og omfattar over 1,6 mrd. kroner, som overformynderia i dag har hand om. Fylkesmannen blir regional verjemålsmyndigheit og er lokalisert i Statens Hus i Bergen. Føremålet med reforma er å styrkje rettstryggleiken, bidra til meir lik sakshandsaming og høgare kvalitet i verjemålsforvaltninga.

LOVREFORM

- Vergemålsloven frå 1927 og umyndiggjøringsloven fra 1898 vert fjerna.
- Nye reglar i utlendingslova om representantordning for einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar.

FORVALTNINGSREFORM

- Overformynderia i kommunane vert avskaffa.
- Fylkesmannen tek over oppgåvene og blir regional verjemålsmyndigheit.

KVALITETSREFORM

- Profesjonalisering av verjemålsområdet.
- Fleire profesjonelle (faste) verjer
- Auka ressursinnsats – 12 faste fagstillingar i Hordaland

HALDNINGSREFORM

- Det nye regelverket legg vekt på større grad av sjølvråderett over eige liv. Verjemålet skal leggja til rette for den einskilde sitt behov for hjelp og det skal gå klårt fram av mandatet til verjene kva han eller hun skal gjere som verje.

På baksida finn du eit utdrag av regelendringane

- **Verjebegrepet:** Begrepet «hjelpeverje» vert skifta ut med ordet verje (for mindreårige eller for vaksne).
- **Klageinstans:** Sentral verjemålsmyndigheit vert lagt til Statens sivilrettsforvaltning. Klagar på Fylkesmannen sine avgjerder vert handsama der.
- **Vidareføring av verjemål:** Alle vedtak om verjemål vert vidareført etter 1. juli 2013.
- **Fråtaking av rettsleg handleevne heilt eller delvis:** Ordninga med umyndiggjering fell bort. Den som er under verjemål kan fråtakast rettsleg handleevne heilt eller delvis. Avgjerda vert gjort av domstolane.
- **Forvaltning av midlar:** Grensa for når Fylkesmannen skal forvalte mindreårige si formue aukar frå 75.000,- til to gonger grunnbeløpet etter folketrygda (ca 165.000,-). For vaksne med verjemål som har formue, vil Fylkesmannen vurdere beløp til forvaltning i kvart einskild tilfelle.
- **Bankval:** Verjen eller personen med verjemål kan bestemme kva for ein bank som skal nyttast til verjekonto og brukskonto. For kapitalkontoen som vert forvalta av Fylkesmannen kan det berre veljast frå bankar med godkjende tilbod.
- **Godtgjersle og utgiftsdekning:** Alle verjer, med unntak av familieverjer, vil ha rett til godtgjersle. Alle verjer kan søke om dekning av utgifter.
- **Opplæring, rettleiing og bistand:** ei viktig oppgåve for fylkesmannen er å følgje opp verjene gjennom opplæring, rettleiing og bistand slik at verjene kan utøve sitt verv på ein god måte.
- **Faste verjer:** Det vert innført ordning med «faste verjer» som skal ha fleire og i nokre tilfelle meir samansette verjemål. Faste verjer gis og høgare godtgjersle enn alminnelege verjer.
- **Meldeplikt:** Det er meldeplikt for skattemyndigheiter, bankar og finansinstitusjonar.
- **Framtidsfullmakt:** Det vert innført ordning med framtidsfullmakt. I denne kan det avgjerast kven som skal forvalte økonomi og andre interesser ved sjukdom, demens e.l.l.
- **Meldeplikt ved behov for verjemål** vert vidareført og utvida. Desse er omfatta av plikta:
 - Institusjonen som personen er lagt inn på
 - buform med heildøgers omsorg og pleie
 - ansvarleg for kommunen sine helse- og sosialtenester utanfor institusjon

Har du spørsmål?

Fylkesmannen har ansvar for opplæring og informasjon i det einskilde fylke. Kontakt Fylkesmannen i Hordaland, Administrasjons- og verjemålsavdelinga, tlf. 5557 2000 eller på e-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no for mer informasjon. Du kan og lese meir om verjemål på www.vergemaal.no og på våre nettsider <http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-og-omsorg/Verjemal/>